



Foto fra Eiane, der John Arntsen var med på kaibygging.

Gloppedalsura. Med innhogd tekst: "Vi takker for troskap og styrke". Denne bautaen ble reist av bygdafolk i dalen.

Fra 1964 fikk han jobb i A/S Betong i skiferavdelingen. Sønnen Audun var fra 1965 til 1972 med faren. John Arntsen var ansatt der til han ble pensjonist 67 år gammel.

Lauvås & Grimsli

TEKST OG FOTO: EDVIND OG ENOK LAUVÅS

Dette firmaet eksisterte i ca 30 år. I denne tida arbeidde Torger Lauvås og Thomas Grimsli for kommunale e-verk med transformator kioskar.



Torger er fotograf her, sjølv om han er med på bilettet. Thomas sit meir avslappa på marka. Dei arbeidde saman mest heile livet. Begge var frå Lauvås og var naboar. Torger var gift med Anna, og Thomas med Jorina. Ofte måtte dei leiga med seg fleire i arbeidet, og spesielt var Øistein, bror til Thomas ofte med.

Arbeidet kort fortald var å: laga fundament, forskala, jernbinding, støypa, riva forskaling og transport, slemming og maling.

Rett skal vera rett: Det var Kristoffer Skjørestad og Robert Ånensen som først bygde transformator kioskar her i bygda. Det står ennå fleire av desse kioskane. Men frå 1951 overtok firmaet Lauvås & Grimsli både forskaling og oppdrag. Torger førte dagbok. Ein haustdag i 1951 grov dei ut fundament til kiosk på Øvre Hetland. Det var kanskje den første.

Dersom du er gammal nok, så hugsar du at det var transformator i stolpar. Det var ein sur jobb å kliva opp for å skifta sikring i regnvêr og snøkave. Og det var ikkje sjeldan dette måtte til etter lyn og torever. Det var stor framgong å få transformatoren i hus. Men straumen skulle vidare høgt over bakken til neste lysstolpe, så derfor fekk me desse velkjende kioskane.

Nå blir slike kioskar også meir og meir sjeldan å sjå. Straumen blir lagd i kabel, låge transformatorkioskar kjem i staden for dei høge, og i tettbygde område ser du ikkje leidningar i lufta mellom stolpar og frå hus til hus. Også firmaet Lauvås & Grimsli gjekk over til å laga låge kioskar. Desse blei sandblåste. I dag blir ferdigproduserte element nytta med flott overflate av småstein. Tagging er eit vanleg syn på kioskar i dag



Slik ser ein moderne kiosk ut. Dei fleste kan plassera denne rett. Det er ved sida av buss-stoppen rett ved Stemmen. Tagging

er det på dei fleste kioskar. Dette var også plassen der ungdomshuset stod. Det stod kiosk på andre sida av vegen tidlegare.

Det var systemforskaling som blei nytta. Kvar lem hadde eit nummer. Det var nødvendig at alt kom på rett plass. I 1955 har Torger notert: "Til Dale med ny forskaling og flyttet buå fra Hogstad i Sola".

På Dale sette dei opp kiosk nr. 35 etter Torger si dagbok, og i 1961 passerte dei nr. 100. Dei høge kioskane var konte, dvs. at dei smalna av. Ikkje mykje, og du ser det vel ikkje utan du veit det. Dersom det ikkje hadde vore slik, så meiner Edvind dei hadde sett ut som dei var skeive. Ein kiosk skulle ikkje ta meir tid enn 14 dagar å setje opp. Innimellom var det anna arbeid med kabelgrøfter og kraftlinjer.



Denne kiosken står på Skjørestad. Frå vegen ser du lett denne. I bakgrunnen er Frøylandsvatnet. Her er det eit utbygg, men elles er han ein typisk transformatorkiosk av den høge typen, ca 7 meter høg. Det blei brukt lemmar til forskaling. 10 lemmar var vanleg. Ut frå kiosken gjekk kraftlinjer til forbrukarar.

Prosedyren var: Oppdrag frå e-verket. Torger reiste til plassen og vurderte arbeidet og fundamenteringa. Så kom for-

skaling og buå (brakka) på plass. Firmaet fekk seg eigen lastebil til dette. Brødrene Eikeland kom med sand og singel. Sement og jern måtte òg på plass. Sjøthun hadde ofte dette oppdraget. Dermed var dei i gong.

Etter at fundamentet var klart med jern som stakk opp, så starta arbeidet med indreforskalinga. Den blei bygd heilt opp med forskaling til taket. Kioskane var ca 2x2 meter innvendig. Så kom turen til ytforskalinga og jernbinding. Veggane var bare ca 15 cm tjukke, så det måtte mykje jern til. Lemmane var 65 cm høge, slik at det blei støypt oppover "meter for meter". Det var eit system nærmast som eit lafta hus. Det blei halde saman utan bruk av spiker i ytforskalinga, men med stokkar som fall inn i spor, og desse stokkane var også det som var stigen eller stillas under bygginga.

Kva ville Arbeidstilsynet ha sagt i dag? Men det var aldri uhell.

Så var det betong, då. Sand og sement saman med jernet gav styrke. Frå sementreia kom den ferdige blandinga i det dei kalla hålken. Denne måtte heisast opp, høgare og høgare, og tømast inni forskalinga. Torger fant opp eit system for dette, med taljer og spel på toppen av kiosken. Spelet var eigentleg på utsida, høgt oppe. Ein hjulgang kunne få hålken opp på den sida som var aktuell, og mest som ein bukk heldt det heile på plass. Og der oppe var arbeidsplassen til Torger under støyting. Thomas hadde ansvaret nede med påfyll av masse i hålken.

Ved støyting var det best å vera fleire. Det var mange tider tre-fire i arbeid nede.

Oppdragsgjevarar var dei kommunale e-verka, spesielt Hetland, Håland (Sola) og Randaberg e-verk. Etter 1965 var det

også Sandnes og Stavanger. I heile denne tida, til ca 1978, var det omtrent passeleg med arbeid. Av og til måtte dei få hjelp av fleire, og stundom var det ikkje noko å gjera. Dei bygde sjølvsgatt meir kioskar utanfor Riska enn her i bygda. Firmaet hadde også arbeid med kraftlinjer, også fleire her i Riska.

Det er dei høge kioskane som verkeleg er landemerke. Etter vårt syn flotte byggverk.

Edvind er son til Torger og Anna, og har vore med på mange kioskar. Enok har vore lite med, bare ein sommarjobb.



Etter kvart blei det fleire oppdrag med låge kioskar og kassettforskaling. Det var intensiv støyting med ferdigbetong.

Dette er ein kiosk på Riska-garden. Her svingar du opp til Hildur og Leif Riska og alle hestane. Huset til Hans Jødestad ser me til venstre for kiosken.

På toppen av kiosken er det gesims, altså noko av taket som stikk ut. Det er augo som ser og som avgjer kva som er vakkert. Men dette er vel noko alle må sjå som vakkert.

Industri og næringsliv i Riska

Både store og små bedrifter har satt sitt preg på Riska sin næringshistorie. Mens aducerverket og slakteriet drev industri i stor skala, var det et mangfold av småbedrifter som drev med alt fra møbel- og treskoproduksjon, til betong, asfalt og steinhogging. I boken "Industri og næringsliv i Riska" gir Riska historie- og museumslag et tverrsnitt av bygdas mangfoldige bedriftshistorie.



COMMENTUM
FORLAG AS



9 788282 330138

ISBN 9788282330138

Industri og næringsliv i Riska



Industri og næringsliv i Riska

- fra tidligere tider og frem til i dag

BRIT SISSEL TODNEM (RED.)